



Jnr. 1150.17

Gjg

Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Att: Arthur Arnesen

Vedkjem vurdering av sakshandsaming av søknader om kompensasjonsmidlar – ekstra utlysing av restmidlar i Kvam

Syner til mail datert 22.mars vedrørende sakshandsaming av søknadar og spørsmåla som er reist i høve til kontakten mellom underteikna og Torleif Ljones, Kvam næringsråd.

Sidan 2007 har underteikna vore sekretariat for styringsgruppa for kompensasjonsmidlar i Hordaland. Dette har blant anna vore sakshandsaming av søknadar, utarbeiding av plan for bruk av midlar, oppfølging av prosjekt, møteinkalling og referat frå møta.

I Kvam har det vore etablert ei gruppe av bedrifter som kjem inn under ordninga. Dei har tidlegare vurdert prosjekta og laga ei innstilling om sine prioriteringar. Kvam næringsråd har vore sekretariat for denne gruppa.

Kvam næringsråd si rolle kjem fram av Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2013:

7.1 Lokal prosjektadministrasjon Kvam

Saksførebuing, møter og gjennomføringsansvar for prosjekta i Kvam er lagt til Kvam Næringsråd. Det er, slik som i 2012 lagt inn ca 5% av midlane til dekking av dei kostnadene Kvam Næringsråd har i denne samanheng. Kvam herad vil, slik som for 2012 midlane, vera formelt prosjektansvarleg ovanfor Hordaland fylkeskommune.

| | |
|---------------------------------|----------------------|
| <i>Kompensasjonsmidlar 2011</i> | <i>kr. 150 000</i> |
| <i>Kompensasjonsmidlar 2012</i> | <i>kr. 270 000.-</i> |

| | |
|--|-----------------------------|
| <i>Kompensasjonsmidlar 2013</i> | <i>kr. 230 000,-</i> |
|--|-----------------------------|

Frå 2014 vart midlane lyst ut, og Kvam næringsråd si styringsgruppe gjekk igjennom søknadane og gjorde si prioritering. Denne vart oversendt sekretariatet. Sekretariatet vurderte dette som eit innspel, og følgde ikkje innstillinga, og fleire av tilrådingane var feil i høve til kriteria.

Då midlane for 2015-2016 vart lyst ut hadde sekretariatet ein dialog med Torleif Ljones, og han fekk kopi av søknadane. Dette vart gjort fordi han sit på ein lokalkunnskap som sekretariatet ikkje har. Dette inneber ikkje at Ljones har lagt føringar på tildelinga av midlane.

Då søknadane om ekstramidlar var komne, gjorde sekretariatet ei vurdering av desse. Her var ein del spørsmål som måtte avklarast, og dette vart gjort med Torleif Ljones.

Saker som var drøfta var sysselsetjingssituasjonen ved Fjellstrand, om det var inngått avtale om inngått kjøp av hotellet, som var ein føresetnad for Kvam kommune for å gå vidare med Hardangerbadet og om lokalisering av Holmatun.

Det er i ettertid lett å sjå at desse spørsmåla ikkje burde vore stilt til Torleif Ljones. Men sekretariatet vurderte at han var søker på vegne av ein organisasjon, ikkje ei bedrift. Det er likevel heil på det reine at søknaden om ZIP line ikkje vart drøfta med Ljones.

Som sekretariat har underteikna gjort eigne vurderinger ut i frå kriteria som ligg til grunn for bruk av midlane. I dette ligg blant anna kven som kan søkja, statleg og regionale kriteria. I tillegg er sysselsetjingspotensialet og søknader som kan ha utløysande effekt prioritert.

I saksutgreiinga ril rådmannen i Kvam står det følgjande:

Sjølv om Gjerde understrekar at det er den «regionalestyringsgruppa som gjev tilråding til fylkesutvalet, står det å lesa i møtereferatet til den «lokale styringsgruppa»(02.03.17) at «Kvam er bedne om å innstilla på bruken innan 5 mars» dvs at den «lokale styringsgruppa» har hatt høve til å uttala seg om tilrådingane ført i pennen av Gro Jensen Gjerde.

At det står «innstilla til på bruk av midlane» må stå for referenten si kappe.

Underteikna ser i ettertid at søknadane ikkje skulle vore sendt til Kvam Næringsråd.

Dette til orientering.

Sunnhordland, 27.mars 2017

Med venleg helsing

Gro Jensen Gjerde
sekretariat